
Fra: Rut Alise Kongevold

Sendt: tirsdag 10. september 2019 22:33

Til: Arthur Kleiveland

Kopi: radoymusikkrad@gmail.com; Kjetil Morken; Linn Merethe Myrtveit; brynjar.mjeide@yahoo.com; kristi.juvik.nybo@outlook.com

Emne: Uttale frå Radøy Musikkråd sept 2019

Hei Arthur.

Det vart så mange epostar og svar i førre veke, så eg har valt å skrive uttale på dei ulike tilskotsordningane i dette dokumentet, så kan du klyppe og lime dei inn i rett dokument☺. Ta kontakt om du treng noko meir. Eg er tilgjengeleg på telefon mellom kl 9.15 og 10.15, og etter kl 13.30 onsdag.

Mvh Rut A. Kongevold (leiar Radøy musikkråd)

Ps: Det er mogleg å søkje om støtte til instrument for generasjonskorps om ¾ av musikantane er i skulekorpsalder 9-19 (Eg søkte på Norges musikkorps forbund- instrumentfondet)

Tilskot frå ekstraordinær tilskotsordning 2019 –song og musikk

Radøy musikkråd støttar dei tilrådingane som ligg føre.

Manger Musikklag 75 000.-til innkjøp av slagverksinstrument Crotales og mutar til tuba.

Manger Skulemusikklag 75 000.- til fornying og supplering av instrument grunna god rekruttering.

Hordabø Skulemusikklag 75 000.- til fornying av instrument-parken.

Sæbø skulemusikklag 75 000.- til instrumentkjøp til eit rekrutteringsprosjekt på Sæbø skule/SFO, og innkjøp til å innreie eit instrument- og note-lager.

Radøy Brass 75 000.- til innkjøp av slagverkinstrument og kornetter.

Manger Old Star Brass 75 000.- til innkjøp av B-tuba og andre instrument.

Radøy Damekor 50 000.- til innkjøp av piano/notestativ og korantrekk til medlemmane.

Prosjekt- og aktivitetsstøtte hausten 2019

Radøy musikkråd har ikkje innvendingar til den fordelinga som er presentert og er positiv til at Manger Skulemusikklag får 7000.- til korpsutviklings-prosjektet dei har planlagt.